
Fra: Bent Gunnar Næss
Sendt: 17. juni 2015 18:11
Til: Ann Christin Hoen; Arthur Sjursen; Arve Harald Mjømen; Bjarte Undertun; Else Soltveit; Erike Askeland; ernst.stellberg@gmail.com; Gisle Heimly; Helge Dyrkolbotn; Jarle Næss; John Kåre Larsen; Kenneth Taule Murberg (kenneth.taule.murberg@iss.no); Kristin Nåmdal; Lars Barstad; Marit Steinestø; May Eva Sandvik; Nina Bognøy; Ole Gunnar Krakhellen; Rolf Hansen; Roy Asle Tunglund; Terje Storemark; Nils Marton Aadland; Hallvard Oppedal (hallvard.oppedal@gulen.kommune.no); Jon Askeland; Kari Foseid Aakre; Karstein Totland; Knut Moe; Kristin Handeland; Ordfører Lindås; Per Lerøy; Ingvild Hjelmtveit; Jan Olav Osen; Jarle Landås; Odd Ivar Øvregård; Reidun Halland; Svein Helge Hofslundsengen; Vidar Bråthen; Øivind Olsnes; Ørjan Raknes Forthun
Kopi: Rune Heradstveit; Åsbjørn Vetti; avisa@nordhordland.no; avisa@strilen.no; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Gulen kommune (postmottak@gulen.kommune.no); Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Postmottak Radøy; Solund kommune (post@solund.kommune.no)
Emne: Kommunestruktur Nordhordland
Vedlegg: Sak 19 Innbyggarundersøking - forslag.docx; 03 2015 06 25 Saksliste møte forhandlingsutvalet - 25. juni.docx; Sak 18 Kommunikasjonsplan - forslag.docx; 03-2015 06 25 Utkast Protokoll forhandlingsutvalet.docx

Hei

Møte den 25. juni blir på Nordhordland Folkehøgskole – kl 15.00 – 20.00.
Kaffi og litt å bita i frå kl 14.30 – middag ca kl 16.30

Åsbjørn Vetti frå KS konsulent vert med på møte som prosessrettleiar.

Sak 17 – er det som vil vere hovudfokus på dette møte. Her er det lagt opp til at vi skal sjå på kva prinsipp ønskjer vi at den nye kommunen skal byggje på? Vi vil dele forsamlinga inn i grupper og så vil ein jobbe seg gjennom ulike stasjonar. I innkallinga har vi satt opp ulike tema. Det er viktig at ein på førehand begynner å tenke på kva ein ser føre seg viktig å legge vekt på.

Sak 18 – kommunikasjonsplan – her er det lagt ved eit forslag. Tanken er at dette forslaget også kan bli vedteke i kvart kommunestyret og at kap 5 vert tilpassa dei lokale tilhøve. I utkastet til møteprotokoll er der utforma eit forslag til vedtak.

Sak 19 – innbyggarundersøking – her er det lagt ved eit forslag. Sjå også utkastet til møteprotokoll – der er det utforma eit forslag til vedtak.

Sak 20 – møteplan – Arbeidsutvalet ser behov for å ha eit møte før 21. oktober for å halde tilstrekkeleg trykk i prosjektet. Foreslår difor møte 24. august. Der er også forslag til møteplan for resten av halvåret – sjå utkast til møteprotokoll.

I og med at vi er ei stor forsamling og for å sikre at møte vert effektivt gjennomført ber eg om at forslag til endringar i sakene 18, 19 og 20 vert sendt til underteiknede **på epost innan 23. juni**. Det kan vere innspel på sjølve saksdokumenta eller forslaga til vedtaka som er i utkastet til møteprotokoll.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Dersom det skulle vere forfall eller at det kjem vara ber eg om å få melding om det, har så langt ikkje registrert nokon forfall.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss
Prosjektleder
Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Tlf mobil 48 12 46 23
Epost: bent.gunnar.naess@nordhordland.net
www.nordhordland.net